



VELKOMMEN TIL HELLAND SFO

Vi vil med dette ønske alle velkomen til vår skule/SFO. Vi ser fram til å verte kjent med dei nye barna som skal begynne på SFO, og håpar på eit godt samarbeid med dykk som foreldre/ føresette.

Vår SFO er knytt til Nettverket for SFO. Har de lyst til å lese meir om kva dette er kan de gå inn på www.sfonett.no. Her kan de lese mykje nyttig om kva de kan forvente/ ikkje forvente av SFO. Vi har plukka ut nokre punkt som vi synest passar godt her hos oss:

Kva kan du forvente av oss på SFO?

- Førsteklassingane får nok tid til å etablere tryggleik gjennom spesielle tiltak den første tida.
- Barnet ditt skal få trøyst og omsorg når det treng det.
- Barnet ditt blir sett når det opplever isolasjon og «vennetørke».
- SFO- tilsette ringer deg eller tek kontakt dersom dei er bekymra for noko knytt til ditt barn.
- SFO-tilsette som møter deg med eitt blick eller eitt nikk og viser at dei ser deg når du er innom, sjølv om dei ikkje alltid har tid til den vesle praten.
- SFO-tilsette viser deg respekt og godtek så langt det let seg gjere dine løysingar knytt til oppsedinga av ditt barn, som du kjenner best.

Kva kan du **IKKJE** forvente av oss på SFO?

- At alle tilsette til ei kvar tid veit kor ditt barn oppheld seg, det er mange krikar og kroker inne og ute. Men nokon veit og vi skal hjelpe deg å finne barnet på kort tid.
- I hektiske periodar får diverre ikkje alle barn den personlege oppfølginga dei treng slik dei kanskje fekk i barnehagen.
- Det går ikkje automatikk i at saker som skjer på skulen gjeng vidare til SFO. Spesielle samarbeidstiltak må de sjølv be om.
- At de kan ringe når de står utafør for å be oss sende ditt barn ut med riktig utstyr. Det er viktig at føresette tek dykk tid til å la barna få avslutte sin aktivitet på SFO, og hugsar at dei også skal rydde etter seg.

Forventningar SFO har til dykk foreldre/ føresette:

- At dykk seier ifrå til Dagbokansvarleg når dykk hentar barnet.
- At dykk ryddar garderobane til barna og ser etter at dei har alt dei treng.
- At dykk hjelper oss å overhalde reglar og rutinar som vi har på SFO.
- At dykk overheld tidsfristar og leverer skjema osv innan fristar gjeng ut.
- At dykk tek opp ting direkte med oss, så vi saman kan finne gode løysingar på ting.

Hentesituasjonen

SFO vil ved oppstarten i august ha over 90 barn. Når barna vert henta vil vi at foreldra kjem inn på SFO. Foreldra **MÅ** gi beskjed til dagbokansvarleg når barnet blir henta. Dersom barnet skal gå heim sjølv må vi ha munnleg eller skriftleg beskjed frå foreldre/føresette. Det er OK å bruke meldingsboka til dette. Vi vil gjerne ha faste avtalar der dette er mogleg å få til. Vi har utarbeidd eitt skjema som då skal fyllast ut av SFO-leiar og foreldre/føresette. Hugs at vi må ha ny melding frå de som foreldre/føresette dersom faste avtalar utgjeng (Eks: kulturskule, fotball, handball).

Det kan ikkje lagast faste avtalar for heimsending hos førsteklasingane. SFO meiner at dei treng hjelp i forhold til klede og utstyr, og SFO har ikkje kapasitet til å hjelpe barna med dette.

Dei som brukar ferietilbodet på SFO må ordne med eigen fastavtale som gjeld berre desse vekene.

HUGS at faste avtalar gjeld for berre eitt skuleår om gongen.

Vi minner om at det er innkøyring forbode på skulen sitt område i tida mellom Kl. 07:00 og 16:30.

Vi bed dykk om å respektere dette og parkere på parkeringsplassen eller i rundkøyringa når de skal bringe/hente barna.

SFO stenger kl 16:30. Då skal alle barn vere henta!

Ferietilbod

Nokre av de som har SFO-tilbod nyttar også ferietilbodet vi har. Her er det viktig å leggje merke til at barna **møter opp før kl. 10**. Om barnet skal leverast seinare enn dette, må foreldra ringe så dei ikkje opplever å møte stengt dør pga tur osv. Dersom dei tek fri eller om dei er sjuke, må også foreldra ringe og gje beskjed. Det er også viktig at barna ikkje berre dukkar opp dei dagane i ferien de har sett opp at dei skal ha fri. Vi bemannar utifrå dei tilbakemeldingane vi får frå dykk og reknar då ut kor mange vi må vere på jobb for at det skal vere forsvarleg bemanning. Dersom de av ulike grunnar vil bytte på dagane de har sett opp så tek de kontakt med oss og gjer avtale om dette let seg gjere.

Kantine

Vi har smøremåltid på SFO frå ca kl 13:45 -14.30 kvar dag. Dette er eitt populært og viktig tiltak som barna set stor pris på. Vi prøvar også å lage til noko ekstra nokre gongar i månaden. Dette kan f.eks vere kakao til maten, ostesmørbrød, suppe, fiskeburger, o.l. Vi prøver å passe på at dette er delt utover på vekedagane. Vi har ikkje kapasitet til å lage mat til dei som må gå på fritidsaktivitetar før kantina er ferdig tillaga. **Dersom barnet ikkje er tilstade under kantina, ber vi dykk om å sende med barnet matpakke den aktuelle dagen.**

Private leiker

Det er ikkje lov å ta med privat leikeutstyr på SFO.

Merking av klede/sko

Hugs å merke klede/sko. Det er då lettare for alle saman å finne rette eigaren sidan mange barn har like klede/sko. Det er og viktig at borna har skifteklede tilgjengeleg i hylla si. **SFO startar kvar dag med 1t uteleik og barna MÅ ha kle til uteleik!** Hugs at dei allereie har vore ute i skuletida og kan vere våte! Rikeleg skift MÅ til! SFO har ikkje plass og kapasitet til å oppbevare «lånekle», så vi vil ringe til dykk foreldre/ føresette om barnet manglar noko, og dykk **må** då kome med utstyr barnet treng. Hugs å minne barna på at dei må bruke innesko også når dei er på SFO.

Leik

På SFO vil det vere både styrte aktivitetar og fri leik.

Vi ber også dykk foreldre hugse på at barna etter ein lang skuledag er slitne og set pris på sjølv å få bestemme kva dei vil gjere på i si fritid.

Dagsrytme på SFO:

07.00-08.30: SFO for dei som har morgontilbod

08.30-12.45/ 13.45: Skule

12.45-13.45: Uteleik. Alle skal opphalde seg ute.

13.45-14.30: Kantine. (Barna vel om dei vil ete mat eller leike inne/ ute.)

14.30-16.30: Aktivitetsrom/ fri leik inne eller ute. Barna vel sjølv kva dei ønskjer å gjere.

Ta kontakt med oss dersom de lurar på noko. Vi tek gjerne i mot innspel og gode råd frå dykk.

Tlf. SFO: 71 18 85 62 / 971 66 067
(SFO-leiar kontortid: 08.30-13.00)

Med venleg helsing alle oss på Helland SFO

